



## Årsmelding for Hardangerkoret 2017

Hardangerkoret har hatt 53 betalende medlemmer dette året. Det har i snitt vore 44 deltakarar på kvar samling (44, 42, 43, 47 og 45). Nokre deltakarar har vore innom som seminardeltakarar. Fordelinga av stemmer er bra balansert, men vi treng framleis å få med fleire songarar på mannstemma. Samlingane har gode øvingsøker der koret blir "elta" saman ved "kva høyrer eg, kva ser eg, kva gjer eg?" Dei ulike stemmegruppene vert jamnt "stemt" etter "fløyte-røyrstemme"-prinsippet. Og det siste året har koret jobba ein del med "finstemming" ved intonasjon og kvarttonar (blåtonar). På fleire øvingar har koret i tillegg til dirigenten, vore så heldig å få ha med Birgitte Velsvik som songpedagog. Ho har jobba både med heile koret og teke ut grupper og enkeltsongarar.

Vi har hatt **5 seminarhelger i 2017:**

**17-19.februar** hadde vi øvingshelg i Norheimsund, der vi øvde i fojaéen på Norheimsund barneskule. Tilbodet om måltid og overnatting hadde vi på Sandven hotell.

**26-28.mai** budde vi på Voss folkehøgskule og hadde også rein øvingshelg. Øvingane hadde vi i Olavssalen på folkehøgskulen og alle måltid vart servert i kantina.

**25-27.august** hadde Hardangerkoret konserthelg i Bergen. Denne gongen hadde vi ikkje noko felles tilbod om overnatting. Kvar enkelt ordna for seg, men måltida vart levert til øvingslokala via cateringfirma. Fredag og laurdag øvde vi i Fana Kulturhus på Nestun. Med bybane like ved, var dette ein sentral plass å ha øvingslokale både jamfør Bergen og Flesland. Søndagen øvde vi i Arna kyrkjelydshus på føremiddagen, før vi hadde konsert i Arna kyrkje tidleg ettermiddag og i Fana kyrkje tidleg kveld. Pianist Per Arild Skorgen var med oss som akkompagnatør denne helga, og på konsertane var også Ole Amund Gjersvik med på kontrabass. Og Birgitte Velsvik var med oss både som solist og som vokalpedagog. Repertoaret på konsertane vart: Den første song/ Första sommaren/ Jeg kom til landet som ikkje er/ Jeg råde vil alle/ Hå deg/ Abide with me/ Just a closer walk// Kärlekens tid/ Kyrie frå Misa Campesina/ El que habita/ Walk in the light.

Laurdagen vart det tynt i songarrekkene mot slutten av øvinga, noko dirigenten ikkje var forbudd på. Det er viktig at dirigenten får vite kva mannskap han har heile vegen, i forkant av helga, slik at han kan disponere tida vår best mogeleg.

Søndagsmorgonen starta koret fulltallig, og dei fekk samla seg til felles fokus, før dirigenten kom. Og koret leverte to veldig fine konsertar denne dagen.

**10-12. november** samlast vi i Jondal til rein øvingshelg. Denne gongen som fleire gonger før, øvde vi på Jondal bedehus og hadde tilbod om overnatting og måltid på Folgefonn Gjestetun. Hovudfokus denne helga var repertoaret til julekonsertane i desember.

**8-10.desember var det ny konserthelg**, denne gongen i Odda og Norheimsund. Fredag og laurdag øvde vi i Odda Soknehus. Denne gongen hadde vi heller ikkje



felles tilbod om overnatting, og maten var catering servert i øvingslokala både i Odda og Norheimsund. Laurdag kveld var det konsert i Odda kyrkje saman med Odda kulturskole. Eit fint samarbeid som gav ein variert og fin konsert og eit godt publikum. Søndags føremiddag møttest vi på Norheimsund barneskule til øving, og på tidleg kveld hadde vi konsert i Norheimsund kyrkje saman med Hardanger Big Band. Per Arild Skorgen var med som akkompagnatør for Hardangerkoret. Repertoaret ved konsertane vart valgt frå: Nå tennes tusen julelys/ Det hev ei rosa/ Det lyser i stille grender/ Englar kved/ (Lullabye)/ Kärlekens tid/ Kyrie Misa Campesina/ No kimar det til julefest/ Sov no Maja mor/ Stille natt/ This Child will be your Light/ Tre kongar frå Bolivia/ Allsong: Deilig er jorden – fellesnummer med HBB i Norheimsund var Go down Moses, der Prots var solist.

**Dirigent og musikalsk leiar** har sidan koret starta vore Per Oddvar Hildre (Prots). Det er inspirerende å syngja med ein dirigent som stiller krav til oss for å få fram det potensialet som ligg i koret. Det er ein føresetnad at alle medlemmene møter fram og at det er konsentrasjon og ro over øvingane. Prots gjev inntrykk av at han trivst med å vere fast dirigent i koret og at han meiner koret har hatt ei god utvikling.

**Styret** har hatt 5 styremøte og i tillegg mindre arbeidsmøte under korsamlingane. Styret har vore slik samansett etter årsmøtet i februar: Anne Karin Stormyr leiar, Eva Nærø nestleiar, Gunnar Dalseth kasserar, Gisle Haukelidsæter skriar og Andi Hydle styremedlem. Varamedlemer: 1.vara Karin Eike Melkeråen og 2.vara Magnus Opedal. Gisle fekk ny og gledeleg familjestatus hausten 2017, og gjekk ut av koret. 1.vara rykka då opp i styret som fast medlem, men frå hausten 2017 har vi ikkje hatt fast skriar-funksjon i styret.

Det har vore jobba med planleggjing av sjølve korsamlingane og mykje med førebuing til konsertane.

#### **Samarbeidet med Voss folkehøgskule:**

Voss Folkehøgskule er fast samarbeidspartnar for Hardangerkoret sine kortkurs. I byrjinga av kvart år har korleiar eit evalueringsmøte med skulen. Ei utfordring som har kome dette året, er at kortkursordninga med folkehøgskulane stod i fare. På grunn av usikker framtid for ordninga vel vår samarbeidspart Voss folkehøgskule å avvike si kortkursordning frå sommaren 2018.

17.02.2018

Styret v/skrive-vikar  
Anne Karin Stormyr